

Høyringsbrev

Lokale forskrifter etter ny opplæringslov 01. august 2024

Høyringsutkast for lokale forskrifter i Askvoll kommune.

Høyringsfrist er sett til 11. oktober 2024. Høyringsinnspele som kjem etter det vil ikkje verta vurdert. Saka skal til politisk handsaming.

Høyringsinnspele kan sendast:

- [via elektronisk skjema for høyringsuttale](#), eller
- per e-post til postmottak@askvoll.kommune.no, eller
- per post til Askvoll kommune, Askvollvegen 426A, 6980 Askvoll

Kommunar og fylkeskommuniar pliktar å sørge for høyring, vedtak og offentleggjering av eigne lokale forskrifter i samsvar med ny opplæringslov som tredde i kraft 01.august 2024.

Den nye opplæringslova inneheld fleire område der kommunar og fylkeskommuniar skal gje forskrifter, i tillegg til område der dei kan gje forskrifter.

Vedlagt følgjer 4 høyringsutkast.

1. Lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Askvoll kommune
2. Lokal forskrift om skuleregler for dei offentlege skulane i Askvoll kommune
3. Lokal forskrift om hovudmål på skulane i Askvoll kommune
4. Lokal forskrift om skule- og feriedagar for elevane i Askvoll kommune

Alle 4 forskrifter skal kunngjera på Lovdata. Før kunngjering må dei vera høyrde og vedtekne i kommunestyret i Askvoll kommune

1. Lokal forskrift om permisjon frå grunnskuleopplæringa i Askvoll kommune

Formålet med denne forskrifta er å sikra at alle elevar i den offentleg skulen i kommunen får like reglar å førehalde seg til. Permisjon frå grunnskuleopplæringa er regulert gjennom opplæringslova § 2-2 fjerde og femte ledd:

« Kommunen kan gi ein elev permisjon frå skolen dersom eleven får ei opplæring som samla sett er forsvarleg. Kommunen gir forskrift om permisjon frå skolen»

« Ein elev som høyrer til eit anna trussamfunn enn Den norske kyrkja, har rett til permisjon frå skolen dei dagane trussamfunnet har helgedag, dersom foreldra sørger for den opplæringa som må til for at eleven skul kunne følgje med i opplæringa på skolen etter fråværet.»

Opplæringslova som tredde i kraft 01.08.2024 har ikkje ei øvre grense for kor lang permisjon ein elev kan få. Dette skal no fastsetjast i lokal forskrift. Det er presisert i opplæringslova at permisjon frå opplæringa berre skal innvilgast når det er forsvarleg, og at forskrifta bør vera restriktiv.

Krav om lokal forskrift og kva som skal avgjerast i forskrifta:

- Kor lang permisjon som kan innvilgast
- Kor mange permisjonar ein elev kan få
- Kva formål det kan innvilgast permisjon til
- Korleis søknader om permisjon skal handsamast

Det skal i kvart enkelt tilfelle gjerast ei individuell vurdering om det er forsvarleg å gje eleven permisjon. Ingen elevar har ein automatisk rett til å få permisjon frå opplæringa.

Tidsavgrensingar for permisjon

Askvoll kommune skal gjennom lokal forskrift setje rammer for tal dagar elevane kan få innvilga permisjon. Hovudregelen er at alle elevar skal vere på skulen alle skuledagar. Det er 190 skuledagar i eit skuleår, og elevane har 175 dagar til feriar og andre aktivitetar. Eit viktig premiss for læring fagleg og sosialt er at elevane er til stades på skulen i skuletida. Forslaget til lokal forskrift er grunna i at ein tenkjer at elevane i størst mogleg grad må vere på skulen for å lære, og at enkle og føreseielege reglar gjer det lettare for skule, foreldre og elevar å vita kva som gjeld. Askvoll kommune føreslår derfor at me set eit samla tak på 10 dagar permisjon i løpet av eit skuleår. Dersom føresette ynskjer å prioritera andre aktivitetar som ikkje er foreinleg med dette kravet, opnar opplæringslova §2-2 første ledd for at dei kan undervisa borna sjølve. Kommunen skal då føra tilsyn med om opplæringa foreldra gjev, er i samsvar med krava i opplæringslova, jfr. § 22-5.

2. Lokal forskrift om skuleregler for dei offentlege grunnskulane i Askvoll kommune

Kommunen skal gje forskrifter om skuleregler (tidlegare overordna ordensreglement). Det er nytt at skulereglane også skal innehalde informasjon om organisering av skuledemokratiet i tillegg til rettar og plikter for elevane inkludert orden og åtferd:

Opplæringslova § 10-7:

«Kommunen og fylkeskommunen gir forskrift om organisering av skoledemokratiet og om rettar og plikter for elevane, mellom anna om orden og oppførsel (skuleregler).»

Skulereglane skal vere felles for alle skular i kommunen og dei skal fastsetjast i forskrift. Det er likevel opna opp for at den einskilde skule kan lage utfyllande skuleregler så lenge desse ikkje er i motstrid til den lokale forskrifta som er fastsett av kommunen.

Når det gjeld regel om bortvising frå undervisning som reaksjon, så fylgjer det av ny opplæringslov §13-1 at skulen v/ rektor kan gjere dette ved gjentekne brot eller grove brot på skulereglane i inntil 1 dag for 1.-7. trinn, og inntil 3 dagar for elevar på 8.-10. trinn om

dette er ein reaksjon som er fastsett i skulereglane. Det er likevel presisert at terskelen for bortvising skal vere svært høg og gjelde i unntakstilfelle. Denne forståinga er utgangspunktet for lokal forskrift om skulereglar og bortvising som tiltak. Departementet viser også til at ei vurdering av barnets beste som regel vil tilseie at bortvising ikkje bør nyttast som eit tiltak.

§ 13-1 Bortvising første ledd:

«Kommunen og fylkeskommunen kan fastsetje i forskrift om skulereglar etter § 10-7 at elevane kan visast bort frå opplæringa etter fleire eller grove brot på skulereglane, med dei avgrensingane som følgjer av denne paragrafen.»

I første ledd kjem det tydeleg fram at bortvising som reaksjon ikkje kan nyttast om det ikkje er fastsett i skulereglane. Bortvising kan også berre gjelde om det er gjentekne eller grove brot på skulereglane, ikkje for brot på andre reglar som t.d. reglane i opplæringslova. Det er ein inngripande reaksjon ovanfor eleven det gjeld, og andre reaksjonar skal alltid vere prøvd før bortvising vert gjennomført.

Det viser opplæringslova § 13-1 andre ledd til:

«Ein elev kan ikkje visast bort dersom mindre inngripande tiltak er tilstrekkelege.»

Denne regelen gjeld uavhengig av lengda på bortvisinga. Skulen har altså ikkje heimel for å bortvisa ein elev frå undervisninga om andre og mindre inngripande tiltak er nok.

Skulereglane skal innehalde reglar for det som er viktigast for elevane i skulekvardagen deira. Særleg framhevar departementet reglar om plikter og avgrensingar innanfor elevane sin handlingsfridom.

Skulereglane skal seie noko om:

- Korleis skulen organiserer elevdemokratiet (§§ 10-4 og 10-5); som elevråd og foreldremedverknad
- Kva rettar og plikter som gjeld for elevane, blant anna orden og åtferd
- Om kva tiltak og reaksjonar som kan setjast i verk ved brot på skulereglane. Ved brot på skulereglane kan skulen berre setje i verk reaksjonar som er fastsette i skulereglane.

Skulereglane er først og fremst retta mot elevane og det betyr at elevane skal forstå skulereglane. Det er viktig at elevane vert høyrte og får uttale seg om skulereglane før dei vert vedtekne.

3. Lokal forskrift om hovudmål ved skulane i Askvoll kommune

Kommunen/fylkeskommunen skal også gje forskrift om kva skriftspråk (nynorsk eller bokmål) som skal vera hovudmål på kvar skule. Dette følgjer av ny opplæringslov § 15-2 første ledd.

Askvoll kommune er ein kommune som nyttar nynorsk som skriftspråk i alle kommunale

tenester, inkludert barnehage og skule. Forskrifta følgjer dette opp, og seier at nynorsk er hovudmålet i grunnskulen i Askvoll kommune, Vestland.

4. Lokal forskrift om skule- og feriedagar for elevane i Askvoll kommune

Opplæringa skal strekkje seg over minst 38 veker innanfor ei ramme på 45 samanhengande veker i skuleåret. Skuleruta skal vera slik at skulen kan gjennomføre nasjonale prøvar og eksamen. Fylkeskommunen har ansvar for å organisere skuleskyssen. Kommunane skal ta organisering av skyss med i vurderingane når skulerute og skulestart- og sluttider vert fastsette.